

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anita Bjørk Ruud
Arkivsaksnr.: 20/364

Arkiv:

Forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek framlegg til «Forskrift [01.01.20] om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune.» , jf vedlegg datert 05.03.20.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Framlegg til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder i Luster kommune, datert 05.03.20.
Saksframlegg i fsk.sak 25/20

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Utval som har vedtaksmynde: Kommunestyret

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Fakta:

Formannskapet vedtok i [f.sak 25/20 i møte den 11.3.20](#) å legge forslag til forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgoder ut på høyring.

Bakgrunnen er at ny kommunelov seier at godtgjerslene skal vere regulert i ei forskrift, mot tidlegare reglement.

Forskrifta vart sendt til politiske parti, råda i kommunen og til arbeidstakarorganisasjonane v/tillitsvalde.

Det har kome inn uttale frå følgjande:

Eldrerådet har ikkje merknader.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting har fylgjande innspel til utarbeiding av forskrift om godtgjersleordningar for folkevalde i Luster kommune.

Rådet har merka seg at rådsmedlemene er utegløynde når det gjeld telefon, pc og internettgodtgjersle.

Sjølv om det ikkje vil påføre store kostnader for medlemene å bruke eigen pc til førebuingar og møte, handlar det om «symboleffekten», om likebehandling og verdsetjing – At det er rettferdig i høve til at kommunestyret får utbetalt godtgjersle. Alle rådsmedlemene blir kalla inn og får utsendt sakstilfang på lik linje med andre utval.

Fagforbundet sin uttale:

Fagforbundet tykkjer og det er bra at ein lagar eit system der kompensasjon føl løn og prisvekst , slik at ein slepp å store etterjusteringar.

Men når det gjeld nivået på lønsauken til ordførar, er me noko undrande.

Me meina, betrakta lønsauken i desember , at ein ny auke no ikkje er rett med bakgrunn i dagens økonomiske situasjon i Norge og Luster. Fagforbundet fryktar eit svakt lønsoppgjer, for den vanlege arbeidar til hausten og tykkjer derfor denne lønsutviklinga ikkje er i tråd med situasjonen me no står i .

Me ynskjer derfor at kommunestyret justerer ned prosentsatsen, slik at den samsvarar med dagens lønsnivå for ordføraren. Ein kan heller gradvis justere opp til 90% av løna til stortingsrepresentantar når den økonomiske situasjonen i landet og Luster tilseier slik stigning

Vurdering:

Det har kome fåe merknader til framlegget til forskrift.

Når det gjeld telefon/nett/kommunikasjonsgodtgjersle så er det ei godtgjersle som fleire kommunar no tek vekk. Den politiske aktiviteten medfører i liten grad noko auka kostnad til nett mv., i høve det som er vanleg tilgjengeleg og nødvendig, før å følgje med på heimesida

til kommunen og få tilgang til og lese sakspapir. Me har og ei ordning der ein kan få utsendt papirdokument.

Det vil og vere slik at kommunestyret, som direkte folkevalte, er i eigen «kategori» i høve å få dekka utgifter og godtgjersle for vervet. Her vil og kommunikasjon og dokumentmengde vere vesentleg større.

Rådmann tilrår ikkje å utvida ordninga.

Når det gjeld ordførargodtgjersla så er det dokumentert at Luster kommune har ei nøktern/låg godtgjersle. Dette var utgangspunktet for ein mindre auke som låg i tilrådinga. I framlegget så er det stortingsrepresentantane si løn frå 01.05 2019 me nyttar i 2020-godtgjersler. Slik sett så vil eit ev spesielt og lågt lønsoppgjer i 2020, jf Korona, slå ut hjå oss i lønn/godtgjersle i 2021.

Det er og viktig å vere klår over at dei andre godtgjerslene er i prosent av ordførar og ei ev nedregulering av ordførarløna vil medføre nedregulering og av desse.

Rådmann tilrår framlegget slik det ligg føre i høyringsdokumentet.

Dato: 03.06.20

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: